


Årsmelding 2023

for Vaksdal sokn



Innleiing

Når vi ser attende på året 2023 er det mykje å gle seg over og vera takksame for. Vi gler oss framleis over at koronarestriksjonane er over.

Eit kort tilbakeblikk på 2023 syner mykje ulik aktivitet og mange ulike tiltak. Det er ei glede trekka fram nokre oppgåver og hendingar i løpet av det siste året.

- Superonsdag – annankvar onsdag samlingar for born frå 0 til 13 år, fordelt på fire ulike tiltak
- Juleverkstaden og juletreffesten vart gjennomførte som før pandemien
- Kjøpet av flygelet er ferdig finansiert
- Stor «Flygelfest» for å takka alle som har bidrege og å feira det nye instrumentet
- Hausttakkefest
- Kunstutstilling i våpenhuset
- Bibeltimar både vår og haust
- Måndagstreff i konfirmantrommet
- Strategimøte saman med bedehuset v/styret for indremisjonen
- Oppussing av våpenhuset

Mykje av ansvaret for det som går føre seg i kyrkja vår lokalt, ligg på soknerådet. Det nye soknerådet tok over ansvaret 1. november i 2023 og er no godt i gang med arbeidet. Alle frivillige medarbeidarar gjer ein viktig innsats og soknerådet vil takka alle som bidreg.

Håpet og målet er at kyrkja vår kan vera ein stad der dei som bur her i Vaksdal kan kjenna at dei høyrer til. At kyrkjerommet kan vera ei ramme om både sorg og glede og ein plass det er godt å koma til.

Diktet av Kristin Solli Schøien set ord på det vi ønsker at kyrkja vår skal vera.

For Vaksdal sokneråd februar 2024
Tove Margrete Nordmark, leiar

I DETTE HUS

I dette hus
er tusen toner sunget.
I dette rom
er hundre bønner bedt.
Til dette sted
har mange føtter vandret
og noen har gått tungt —
og andre lett.

I dette hus
har gledens toner jublet.
I dette rom
har sorgen hatt sitt sted.
Ved alteret
er ja blitt sagt og mumlet.
I dåpens font
har vannet rislet ned.

I dette hus
er himmelen tilstede
og paradises dører står på klem.
For dette er et hellig sted på
jorden
og den som kommer hit
er kommet hjem.

Kristin Solli Schøien

Valår

I september 2023 var det val på nye sokneråd. Dei nye råda har funksjonstid frå 1. november i valåret.

Vaksdal sokneråd 01.01.2023-31.10.2023.

Leiar	Grete Loftheim Dale
Nestleiar	Tove Margrete Nordmark
Medlem	Bjørn Knutsen
Medlem og skrivar	Tormod Amundsen
Medlem og representant i fellesråd	Anders Boge
Medlem og vara repr. fellesrådet	Odd Arild Faugstad
Sokneprest	Edvard Bø
Varamedlem og kasserar	Oddvar Dale
Varamedlem	Per Nordmark
Varamedlem	Else Veronica Olsson
Varamedlem	Bjørn Kristian Aga

Andre verv:

Revisor	Trygve Boge
Kontaktperson Kirkens nødhjelp	Per Nordmark
Leiar i Vaksdal barnelags juleverkstad	Martha Bjørsvik
Leiar i Vaksdal søndagsskule	Maria Strand Helle
HimalPartner- kontakt vår 2023	Kjartan og Elisabeth F. Gullbrå
Trusopplæringsutvalet	Grete Loftheim Dale

Vaksdal sokneråd 01.11.2023-31.12.2023.

Leiar	Tove Margrete Nordmark
Nestleiar	Tormod Amundsen
Medlem og sekretær	Siv Torlaug Hisdal
Medlem	Grete Loftheim Dale
Medlem og representant i fellesråd	Heidi Rongved
Medlem og vara repr. fellesrådet	Per Nordmark
Sokneprest	Edvard Bø
Varamedlem og kasserar	Oddvar Dale
Varamedlem	Anders Boge
Varamedlem	Truls Langhelle
Varamedlem	Svein Hovlandsdal

Tilsette i Vaksdal kyrkjelege fellesrådsområde 2023:

Sokneprest	Edvard Bø
Sokneprest	Frode Kvamsøe
Organist	Ruben Sverre Gjertsen
Organist	Frode Raymond Vik
Klokkar	Bjørn Knutsen
Kyrkjetenar / vaktmeister	Ottar Dalseid
Trusopplærar og konfirmantlærar	Kristin Straume Normann

Andre frivillige medarbeidarar

Mange medarbeidarar utanom soknerådet har stilt opp og gjort ein verdfull innsats både ved gudstenester og andre arrangement, mellom anna som vakter, kyrkjevertar, kjøkenhjelp, konfirmantarbeid, juleverkstad og til å styre Power Point under gudstenester.

Soknerådet seier takk til alle frivillige for at vi kan rekne med dykk vidare! Som ein takk frå dei tilsette i kyrkja, til sokneråda og alle frivillige medarbeidarar i heile kommunen, vart den tradisjonelle medarbeidarfesten halde i Dale bedehus 19. oktober.

Møteverksemd

Vaksdal sokneråd har hatt 11 møte i 2023, i tillegg til eit strategimøte i samarbeid med Vaksdal bedehus 14. februar og årsmøte/ soknemøte 19. mars.

Rådet har på alle møta vore vedtaksført. Soknerådet handsama 127 saker.

Årsmøtet vart halde 19.03.2023 etter gudstenesta kl. 18.

Utanom rådet deltok 6 personar.

Årsmelding og rekneskap vart lagt fram for årsmøtet.

Under drøftingane vart det mellom anna peika på :

- Viktig at kyrkja sine konsertar vert koordinerte slik at koret Kilden og kantor har høve til vera med
- Viktig at det vert gjort tydeleg når i gudstenesta ein skal sitja eller stå (ved teikn frå presten eller tekst i program/power point)
- Trong for fleire søndagsskuleleiarar

Kyrkjeval

I september 2023 blei det gjennomført kyrkjeval til same tid som kommunevalet. Kyrkjemedlemene kunne stemma både på sokneråd og

bispedømeråd. Soknerådet var ansvarleg for gjennomføringa av kyrkjevalet. Vallokalet var også denne gongen lagt til samfunnssalen, i nærleiken av kommune- og fylkestingvalet. I 2023 var det høve til digital førehandsrøysting i tillegg til førehandsrøysting på papir ved kyrjekontoret på Dale og i samband med ei gudsteneste i Vaksdal kyrkje.

Det var vanskeleg å få nok kandidatar til vallista. Likevel bestemte soknerådet at det framleis skal vera 6 faste medlemer i Vaksdal sokneråd, i tillegg til sokneprest. Fordi lista ikkje var fullstendig, vart tre personar som ikkje stod på lista, valde inn som vararepresentantar.

Valdeltakinga var 18 %, det dobbelte av gjennomsnittet for landet.

147 stemte på eit eller begge vala.

17 førehandsstemmer vart avgitt.

1 stemmegjevar var under 18 år.

Aktuelle saker i løpet av året

- Misjon: Me held fram med å støtta HimalPartner med ofring 2 gonger i året. I tillegg til det, har det to gonger i 2023 blitt teke opp offer til eit fredsprosjekt i Sør Sudan, Holy Trinity Peace Village Kuron.
- Flygel: Innsamlinga av midlar til flygel vart avslutta i desember 2023. Sjå meir under kyrkjemusikalsk arbeid.
- Samarbeid med Vaksdal bedehus: Strategisamlingane saman med Indremisjonen vart vidareført i 2023. Møtet 14. februar vart halde i Bedehuset 14. februar. Arrangement i bedehuset vert kunngjort i kyrkja og omvendt.
- Minnegudstenester: Det har vore diskusjonar mellom sokneråda i kommunen når det gjeld minnegudsteneste for dei som er gått bort det siste året. Tradisjonen med slike gudstenester i Stamnes kyrkje nyårsafta vert no kombinert med gudsteneste i Dale kyrkje helgemessesøndag. For Vaksdal sokn er det naturlegaste å reise til Dale, men det er sjølv sagt høve for alle å reisa til Stamnes nyårsafta.
- Kunstutstilling: Soknerådet la til rette for fotoutstillinga «Av sted» - ei utstilling i våpenhuset i kyrkja med fotografi frå Vaksdal av kunststudent ved Universitet i Bergen.

Gudstenester og kyrkjelege handlingar – statistikk for Vaksdal sokn 2023

	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Forordna gudstenester	24	28	19	18	20	22
Andre gudstenester			5	6	6	5
Gudstenester Vaksdal sjukeheim	8	7	1	0	0	0
Totalt	32	37	24	24	26	27
Av desse:						
Gudsteneste med nattverd	26	25	13	12	12	18
Tilrettelagt for born og ungdom	5	3	1	1	4	6
Tilrettelagt for ungdom	3	6	1	3	2	
Lovsongsgudsteneste	1	1	0	0	0	0
Open kyrkje				1	0	0
Musikkandakter/konsertar	4	9	4 digitale	3	4*	7*
Deltakarar (utanom gravferder)	1674	1859	727	873	1214	1324
Nattverdsgjester totalt			226	234	235	375
Døypte	12	10	5	4	7	6
Konfirmerte	5	15	16	10	16	16
Vigsler	3	0	0	1	1	0
Gravferder	12	12	13	16	21	8
Andakter Vaksdal sjukeheim			23	42	50	40
Utmelde					0	1
Innmelde					1	0

* 4 konsertar og musikkandakter i eigen regi og i tillegg 3 konsertar i regi av andre

Fitjovasstemne 11. juni 2023: I 2023 var det Vaksdal som hadde ansvaret for dette og gudstenesta vart forretta av soknepresten vår Edvard Bø. Omlag 20 frammøtte.

Minnegudsteneste vart halde i Dale kyrkje for Vaksdal, Dale og Bergsdalen sokn 5. november, helgemessesøndag.

Nyårsaftan var det **midnattsmesse** i Vaksdal kyrkje. Det var 19 deltakarar.

Diakoni

Måndagstreff i konfirmantrommet heldt fram i 2023

Enkel servering med kaffi/ te og noko å bita i samt sosial prat. 20. mars fekk vi besøk av Harald Geir Sæther frå Fusa. Han viste bilete og fortalde frå reisa si til Tsjernobyl i 2010, 24 år etter kjernekraftulukka.

I dei siste møta før sommar og jul var det litt ekstra program og ekstra godt frammøte. Til saman i 2023: 33 samlingar med 422 deltakar.

Kyrjekaffi

etter dei fleste gudstenestene.

Juletefest

I 2023 vart den tradisjonelle juletefesten på Vaksdal bedehus arrangert igjen, denne gongen som eit samarbeid mellom indremisjonen og soknerådet. Julesongar, gang rundt juletreet og julespel var faste og kjente innslag. 50-60 deltakarar.

50- og 60 års konfirmantfest

Også i 2023 vart både 50- og 60-årskonfirmantar innbedne. Festen vart halde på tradisjonell vis i Vaksdal bedehus, innleia med gudsteneste 8. oktober. Jubilantane var glade og takksame for at kyrkjelyden inviterte til ei slik samling.

24 personar vart konfirmerte i Vaksdal kyrkje i 1963 og 19 personar vart konfirmerte i 1973.

8 av 21 attlevande 60-årsjubilantar og 9 av 16 attlevande 50-årsjubilantar deltok. I tillegg til desse kom også ein frå 1973-årskullet som ikkje var konfirmert.

Fasteaksjonen til Kirkens nødhjelp 28.mars

Denne ble også i 2023 gjennomført fysisk ved bøsseinnsamling. Det var ein flott innsats av konfirmantane. Saman med andre frivillige var konfirmantane og føresette med og køyrde og gjekk som bøsseberarar. I Vaksdal sokn samla vi inn til saman kr. 27.459. Av dette kom kr. 12.174 inn ved bøsseinnsamling.

Årstal	2019	2020	2021	2022	2023
Resultat	21.229	17.506	9.434	26.805	27.459

Undervisning

Bibeltimar i konfirmantrommet

I 2023 stod Edvard Bø for to rekker bibeltimar. Likningar i evangelia var tema for tre samlingar om våren. Om hausten var det to samlingar med tema frå gravferdsliturgien.

Kyrkjemusikalsk verksemd

Flygelfest

Flygelet i Vaksdal kyrkje er no fullfinansiert.

Dette vart markert med fest i kyrkja og den vart nett så vellukka som vi hadde håpa på!

Flott song og musikk ved musikarar med lokal tilknyting, eit begeistra publikum og eit langbord i midtgangen fylt med kaker, kaffi, te og saft.



Takk til alle som bidrog!

Finansiering av flygel	2021	2022	2023	Sum
Offer i gudstenerster	2 400,00	8 250,00	5 850,00	16 500,00
Inntekt ved konsertar	2 000,00	75 027,00	2 300,00	79 327,00
Andre g�ver fr� private	5 000,00	20 452,00	18 171,00	43 623,00
G�ver fr� lag og organisasjonar	-	5 500,00		5 500,00
G�ver fr� lokalt n�ringsliv	-	2 000,00	30 500,00	32 500,00
Offentleg tilskot (kommune og kyrkja)	-	-	26 500,00	26 500,00
Salsinntekter	-	300,00	12 000,00	12 300,00
Sum	9 400,00	111 529,00	95 321,00	216 250,00

Stemming og vedlikehald av flygelet

Flygelet vart 21/8-23 stemt ned fr  443Hz til 440Hz, same kammertone som orgelet. M let var harmonisering for   gjere det mogeleg med samspel mellom flygel og orgel.

Pianostemmer tilr r klimaanlegg/ varmelister.

Konsserter Vaksdal kyrkje

- 7/4: Orgelresitasjon v/ Ruben Gjertsen
- 13/5: Orgelkonsert med organist Ruben Gjertsen til inntekt for flygel
- 20/10: Flygelfest med Tone Synn ve  ygard Steinkopf og Olav Arne Steinkopf, Hege Eide Vik, Davin Waage Knappskog, Ingunn Loftheim Dale, Lars Ragnvaldsen, Kilden, Frode Vik, Dagny Linnea Due Nordmark, Frida Amundsen, Ruben Gjertsen, Hans Rossvold-Hontvedt og allsong
- 27/10: Konsert ved Vaksdal musikklag og Frida Amundsen
- 25/11: Konsert ved pianistar fr  Griegakademiet
- 9/12: Adventskonsert med adventstankar ved Katrine Audestad, song av Kilden, musikk ved organist Ruben Gjertsen og allsong.
- 14/12: Julekonsert med Bad Brooks: Country Christmas»

Koret Kilden

 ver i Vaksdal kyrkje. Dei har medlemmer fr  fleire sokn og deltar p  gudstenester, konsserter m.m. i heile kommunen.

Kunstutstilling i Vaksdal kyrkje

3. – 5. juni 2023

Våren 2023 vart soknerådet kontakta av Bendikte Bergevik, med bachelor i kunst frå Universitetet i Bergen. Ho hadde særleg arbeidd med foto og ønskte å halda utstilling i Vaksdal kyrkje med tema «Av sted».

Soknerådet sa ja til dette etter å ha avklart med kunstnaren innhald, tidspunkt og øvrige rammer for ei slik utstilling.

Bileta ble montert på veggene i våpenhuset og i nedste del av trappa opp mot orgelgalleriet.

Vakkert vær gjorde det mogleg å holde døra mot sør (retning Boge) open. Det gav godt lys inn i utstillingslokalet.

Utstillinga var open laurdag, søndag og måndag. Veret var strålande og det var et jamt tilsig av publikum.

Til saman 89 besøkande fekk sjå utstillinga.

Av sted

Benedikte Bergevik



Utstilling

Vaksdal kirke

Lørdag 3. juni 11:30-15:30

Søndag 4. juni 11:30-15:30

Måndag 5. juni 11:00-14:30



Trusopplæring / arbeid for born

Trusopplæraren leverer eiga årsmelding, men vi vil gjerne peika på det allsidige arbeidet som vert gjort i Vaksdal. Nokre av desse tilboda gjeld heile kommunen og nokre er særleg berekna på born som høyrer til Vaksdal sokn.

- «Superonsdag» gjev tilbod til born i alderen 0-13 år. Annakvar veke er det baby- og småbornssong, knøttesong, onsdagsklubb og etter skuletid Vaksdal kyrkje
- Det vart delt ut bøker til 4-åringar og nytestamente til 10 åringar i ei familiegudsteneste.
- 6-åringane var særskilt inviterte til å vera med på ein onsdagsklubb i september, der dei fekk ei helsing frå kyrkjelyden.
- Borna sin påskedag: Det vart arrangert påskevandring i Dale kyrkje - der 7-åringane var spesielt inviterte.
- Kristi Himmelfartsdag var 5-åringar frå heile kommunen særskilt inviterte til gudsteneste under Skipshellaren på Straume.
- 12-åringane var inviterte til haustverkstad og og til å vera med og laga hausttakkefest
- Tårnagenthelg for 8-åringar med tårnagentgudsteneste søndagen i Vaksdal kyrkje.
- Adventsleir der 9-åringane var særskilt inviterte.
- «Lys vaken» var i Dale kyrkje for 11-åringar frå heile kommunen.
- Dåpsborna mottek dåpsboka «Dåpen», dåpslys, dåpsklut og pakke med materiell til trusopplæring. Fadderhelsingar vert og delt ut.



- Barnelaget sin juleverkstad vart gjennomført i kjent stil 2. desember. 32 born og 9 leiarar koste seg. I tillegg til desse var 20 andre vaksne med.
- Vaksdal søndagsskule (organisert under Søndagsskolen Norge) har samlingar under indremisjonen sine storsamlingar i Vaksdal bedehus.
- Generasjonssong på Vaksdal sjukeheim fire gonger i 2023 var eit samarbeid mellom kyrkja og frivilligsentralen

Frå onsdagsklubben

Konfirmantarbeid

Konfirmantane av 2022/2023 kullet

16 konfirmantar vart konfirmerte 7. mai -23.

- 25.mars: Konfirmantsamling kl. 12:00 – 21:00 i Vaksdal bedehus. Ung Messe i Vaksdal kyrkje i etterkant
- 28.mars: Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens nødhjelp. Konfirmantane m/ foreldre var med som bøsseberarar
- 2. mai: Kappeprøving kl. 17:00. Deretter tur med veteranbilar til Dale. Møte med føresette kl. 19.
- 7. mai: Konfirmasjonsgudsteneste

Konfirmantar av 2023/ 2024 kullet er 18 stk

- 10. september konfirmantpresentasjon under Vegengudstenesta
- Dei var på felles leir på Fagertun 22. – 24. september og deltok på Ung messe i Vaksdal kyrkje søndag kl. 16.
- 3. desember deltok dei på lysmessa.
- Konfirmantane laga julekort til eldre over 85 år.
- Undervisninga har vore lagt til Dale bedehus rett etter skuletid og på planleggingsdagar, der dei har vore delt inn i tre ulike grupper på 12 konfirmantar kvar, saman med konfirmantar frå dei andre bygdene.
- Nytt av året er at konfirmantundervisninga nyttar opplegget Delta, produsert av IKO, og konfirmantane har kvar si loggbok dei skriv i på slutten av samlingane.
- Trusopplærar Kristin har frå hausten 2023 formelt gått inn i konfirmantarbeidet i 20% stilling, medan sokneprest Edvard då er frikjøpt til å gjera andre oppgåver i prostiet.



Konfirmantane i aksjon i Eksingedalen

Kyrkja - vedlikehald

Det er kyrkjeleg fellesråd som har ansvaret for vedlikehald av kyrkjebygget og kyrkjerommet. Fellesrådet er avhengig av løyvingar frå kommunen for å gjera det som trengs og det er vanskeleg å få midlane til å strekka til. Difor er samarbeidet mellom soknerådet og fellesrådet viktig. Soknerådet kan bidra med ønske om prioriteringar og også utføra ein del arbeid på dugnadsbasis. Vaktmeister gjer ein del vedlikehald etter kvart, men det er framleis store behov og her vil soknerådet peika på noko av det som det bør gjerast noko med:

- Trappa opp til orgelgalleriet er bratt og farleg. For at det skal vera forsvarleg å bruka orgelgalleriet, bør det monterast eit rekkverk.
- Veggane i denne trappeoppgangen er malingsslitne og stygge og treng oppussing.
- Kyrkja har eit høgt forbruk av straum.
- Der er framleis utfordringar i kyrkja knytt til universell utforming.



Dette er utført på dugnad i 2023

- Våpenhuset er pussa opp. Rommet er rydda, gamle hyller er fjerna og veggane måla.
- Alle dørene til kyrkjerommet og innsida av hovuddøra er pussa og måla.
- Ytterdørene er reinsa, pussa og sette inn med Owatrol teakolje .
- Vindauget over hovuddøra er pussa opp.
- Veggan bak døypefonten og i koret er flikka på.
- I tillegg til dette er det utført andre mindre dugnadsoppgåver. Samla tal dugnadstimar 2023: 80 timar.



Våpenhuset før og etter oppussing





Dei fleste dørene i kyrkja har fått ei ansiktsløfting

Økonomi

Dette er eit kort oversyn over økonomien i 2023. Fullstendig rekneskap ligg ved årsmeldinga.

Kort oversyn økonomi	2023	2022
Inntekter totalt	171 653,00	174 530,00
Kostnader	81 056,47	71 626,82
Innløysing av flygelet	216 250,00	
Resultat (negativt tal betyr underskot)	-125 653,47	102 903,18
Eigenkapital 01.01.2023 og 01.01.2022)	150 548,11	47 644,93
Resultat (negativt tal betyr underskot)	-125 653,47	102 903,18
Eigenkapital 31.12.2023 og 31.12.2022	24 894,64	150 548,11
Ofring i gudstenester (kyrkjelydsarbeid og eksterne mottakarar)	53 620,00	49 494,00
Kollekt kyrkjemusikalsk arbeid	2 280,00	4 580,00
Inntekter øyremarka flygelprosjektet (inkludert ofringar)	95 321,00	111 529,00
Fasteaksjon Kirkens nødhjelp (motteke lokalt)	12 174,00	14 288,00
Nærmare 80% av innbetalingene skjer no v.h.a Vipps		